



BACHELOROPPGÅVE I SOSIOLOGI OG UNGDOMSSOSIOLOGI 2023

Betyding av stad for ungdom som aktør frå eit ruralt
perspektiv: *Korleis påverkar ulike moderniseringsprosessar ungdom si
stadtilhøyrse, identitetsdanning og deira val av utdanning og arbeid?*

The importance of place for young people as an actor from a rural
perspective: *How do various modernization processes affect young people's sense
of place, identity and choice of education and work?*

Kandidatnummer: 213

Fakultet for økonomi og
samfunnsvitenskap/samfunnsvitenskap/sosiologi

Lars Edvin Gjelstad

25.05.23

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Oppgåva er ei bacheloroppgåve i Sosiologi og ungdomssosiologi ved Høgskulen på Vestlandet. Den tek føre seg eit stadleg perspektiv på ungdom, og argumentera kvifor eit ruralt perspektiv er relevant i ungdomsforskning. Moderne ungdomsforskning blir kritisert for ei generalisering av ungdom frå eit stadleg perspektiv. Eg er interessert i forholdet mellom by og bygd, og fekk eit djupare innblikk i dette når eg var i praksis på Distriktssenteret. Eg tek føre meg tre artiklar der eg skal diskutere det empiriske materialet frå eit ruralt perspektiv. For å argumentere for eit ruralt ungdomsperspektiv tek eg føre meg stadtilhøyrse, identitet og val av utdanning og arbeid. Eg vil også ta føre meg Micheal Corbett sitt omgrep «localised social capital», som er henta frå Lødding og Paulgaard sin artikkel om tid og stad.

This paper is a bachelor's thesis in Sociology and youth-sociology at Høgskulen på Vestlandet. It focuses on the spatial dimensions of youth and argue why a rural perspective is relevant in youth sociology. Modern youth research is criticized for having a generalized view on spatial youth research. I am interested in the relation between the city and the village (urban and rural) and got a deeper view in the relation when I had practice by Distriktssenteret. I am going to use empirical data from three articles to discuss youth from a rural perspective. To argue why a rural perspective is relevant I am going to discuss place belonging, identity and choice of education and work. I will also use Micheal Corbett's term "localised social capital", which I have obtained from Lødding and Paulgaard's article about time and space.

Forord

Takk for tre fine år i Sogndal. Spesielt takk til rettleiar Lars Edvin Gjelstad og klassekamerat Jenny for gode og motiverande ord!

Innholdsliste

Samandrag.....	1
Forord	1
Innleiing	1
Metode og framgangsmåte	1
Kritikk av ungdomssosiologisk forskning frå eit stadleg (ruralt) perspektiv	3
Lokal spesifikk kapital – lokalt relevant kunnskap og lokale sosiale nettverk	4
Analyse – Korleis påverkar staden ungdomane i Vest-Finnmark, indre-Agder, Oslo og Rogaland sine val og verdier?	5
«Æ kan tenke mæ å bli her, men ikke for enkver pris» - Siri Gerrard	6
Lokal yrkesfagkultur og ulikhet i fortellinger om ungdoms utdanningsvalg – et stedssensitivt blikk på Oslo og Rogaland – Kristinn Hegna & Kaja Reegård.....	7
Oslo-elevane	8
Rogalands-elevane	10
Kroppslig og sosial stedtilhørighet. Bygdegutters forankring og framtidsperspektiver – Christian Nepstad & Ove Skarpenes.....	11
Diskusjon.....	12
Stadtilhøyrse	13
Identitet og identitetsdanning.....	15
Val av utdanning og arbeid	16
Konklusjon	18

Litteraturliste	19
Sjølvsvald pensum – litteraturliste	20

Innleiing

Vi menneske er like, men også ulike på mange område. Haldningane og verdiane våre blir forma gjennom påverknad frå fleire faktorar. For nokon betyr familien alt, og er svært knytt til heimstaden sin, andre er heilt motsett. Oppveksten vår er med på å forme oss som menneske, både staden vi veks opp på og menneska rundt oss. Menneske veks opp på ulike stadar med ulike moglegheiter som er med på å forme vala våre vidare i livet. Oppgåva mi vil fokusere på kva staden har å seie for ungdomen på bygda, og få fram at staden framleis utgjer ein forskjell for ungdom. Dette sitatet frå Hegna & Reegård sin artikkel synest eg får fram viktigheita av stad og rom som påverknad på ungdom sine val: «Stad er det romlege uttrykket for sosial praksis og strukturar, normer og verdiar, makt og ulikheit, forskjell og distinksjonar, som samtidig dannar ramma for unge menneske si oppvekst og identitetsdanning.» (Hegna & Reegård, 2019, s.93).

Urban og rural ungdom har ulike oppvekstvilkår og ein kan ikkje ta alle under ein kam når det gjeld kva ungdomane ønsker og tenker. Moderne sosiologisk forskning er prega av ei stadleg generalisering av ungdom, og sidan mindretalet bur i rurale strøk, skjer det derfor ei marginalisering av rural ungdom. Med formål om å vise at forskning på ungdom i rurale strøk også er relevant i moderne sosiologi vil eg diskutere betydinga av stadtilhøyrslø og korleis den påverkar identitet og val av utdanning og arbeid. «De globale og lokale, strukturelle og materielle rammebetingelsene blir forutsetninger for ungdommenes utdannings- og yrkesvalg (og identitetsdanning) (...)» (Hegna & Reegård, 2019, s.99). Klasseforskjellar og kjønn er to ulikskapsfaktorar som er svært relevant her, men som eg ikkje tek føre meg. Med fokus på ungdom i rurale strøk har eg forma problemstillinga: *Korleis påverkar ulike moderniseringsprosessar ungdom si stadtilhøyrslø, identitetsdanning, og deira val av utdanning og arbeid?*

Metode og framgangsmåte

For å diskutere problemstillinga vil eg ta føre meg tre artiklar, der det empiriske materialet i artiklane vil vere fokusområde. Eg tek utgangspunkt i eit litteraturstudie, men ønsker å ta føre meg diskusjonen som eit casestudie. Det vil vere innspel av forfattarane sine argument og tolkingar. Det empiriske materialet er allereie tolka av forfattarane så utgangspunktet mitt er ikkje heilt nøytralt, men artiklane har likt formål som denne oppgåva. Ved å ta føre meg artiklane sine empiriske materiale å diskutere det som casar kan eg betre få fram mine egne

argument for eit stadleg perspektiv. Eg vil sjå på kva informantane sjølve fortel og kople det til stadtilhøyrse, identitet og val av utdanning og arbeid. Stadtilhøyrse forstår eg her som i kva grad ungdomane kjenner personleg tilknytning og identifiserer seg med heimstaden sin. Eg vil også trekke inn Micheal Corbett sitt omgrep om lokal kapital som eg har henta frå Lødding og Paulgaard sin artikkel om tid og stad (Lødding, 2019, s.79). Lokal kapital ser eg på som relevant i forståinga av ungdomane si stadtilhøyrse og identitetsdanning.

Den første artikkelen eg har valt Siri Gerrard sin artikkel om sosiale og kulturelle endringar i fiskerikulturen frå 1993. Den andre artikkelen eg har valt er Hegna & Reegård sitt stadsensitive blikk på Oslo og Rogaland frå 2019. Dei fokuserer på å forstå korleis lokale utdanningskulturar og lokale arbeidsmarknader bidreg til unge sine aspirasjonar, utdanningsval og fagopplæringsløp på ulike måtar. Den siste artikkelen eg har valt er Nepstad og Skarpenes sin artikkel frå 2021, som tek føre seg 8 ungdomar i indre-Agder sine utdanning og livsval, med fokus på korleis staden formar, grensar og mogleggjer livsval og sjølvforståinga deira.

Det empiriske materialet i Gerrard sin artikkel er henta frå ca.150 unge kvinner og menn i sju ulike fiskerisamfunn. Informasjonen er samla inn ved hjelp av individuelle intervju, gruppeintervju, uformelle samtalar og kortvarig deltaking i miljøa (Gerrard, 1993, s.22). Dette materialet er meir representativt enn i dei to andre artiklane, men eg tenkjer at djupne intervju kunne vår svært interessant i ein slik samanheng for å finne ut kvifor enkelte ungdomar sett større pris på bygda enn på byen. Nepstad og Skarpenes sitt empiriske materiale er meir informativt då ein blir kjent med ungdomane på eit meir personleg nivå. Gjennom kvalitative intervju, intervjuer dei åtte gutar i indre-Agder. Ein av åtte gutar var student og svarte hans skil seg ut frå dei andre då han er student i Kristiansand (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.51). Hegna og Reegård sitt empiriske materiale er eit case-komparativt design, og samanliknar Oslo og Rogaland (Hegna, 2019, s.96). I Rogaland vart 15 elevar på industriteknologi intervjuer i ca. 30 min, informantane frå Oslo var unge vaksne i 20-22års alderen. Oslo-elevane sine intervju var skulebiografiske intervju, og den enkelte si historie frå første skuledag til intervjutidspunkt.

Spesielt for artiklane er at dei tek føre seg staden frå eit ruralt perspektiv og vi får eit innblikk i kva ungdom utanfor byane tenkjer om tilhøyrse og individuelle val. For å kome fram til desse artiklane har eg gjort søk i Oria og Idunn, og tatt pensum frå emnet *Ungdom og ulikheit*. Eg vart kjent med Kaja Reegård og Ove Skarpenes i det same emnet. Dei har begge kome

med interessante sosiologiske bidrag innanfor temaet ungdom og lokalmiljø. Vidare vil eg skrive litt om kritikken av sosiologisk ungdomsforskning, moderniseringsprosessar og presentere omgrepet «lokal kapital».

Kritikk av ungdomssosiologisk forskning frå eit stadleg (ruralt) perspektiv

Globale moderniseringsprosessar endrar strukturelle prosessar på både makro og mikro-nivå. Moderne sosiologisk teori meiner at det finns både ein struktur og ein aktør, men forholdet mellom dei er mykje diskutert (Aakvaag, 2008, s.31). Eg tenkjer at samfunnstrukturen ikkje kan eksistere utan aktørar, då dei held strukturen «oppe», t.d. små lokalsamfunn som forsvinn dersom alle flyttar frå. Aktørane er heller ikkje fritt handlande individ og blir påverka av strukturen rundt seg, noko vi skal sjå når vi tek føre oss staden som påverknadsfaktor på aktørar. Forholdet mellom struktur og aktør er etter mitt syn gjensidig avhengig av kvarandre, og begge blir påverka av kvarandre (Aakvaag, 2008, s.30). Dei globale moderniseringsprosessane er forårsaka av menneska, men menneska sine individuelle liv blir også påverka av desse endringane.

Ein av dei store moderniseringsprosessane er industrialiseringa, som no i seinmoderniteten har gått over til ei de-industrialisering mange stadar. Dei siste tiåra har det skjedd ei de-industrialisering i dei vestlege landa der arbeidsmarknaden har endra seg. “Globalisation, deindustrialization and the rise of the service economy are therefore fundamentally spatial processes which have increasingly concentrated employment opportunities in cities.” (Farrugia, 2014, s.297). På grunn av denne konsentrasjonen av jobb og menneske i byane, ei urbanisering, har ungdomsforskning gått føre seg først og fremst i byane. David Farrugia kritisera ungdomssosiologien for ekskludering av rural og regional ungdom (Farrugia, 2014, s.294). Han rettar kritikken sin mot ein romleg dimensjon av ungdomssosiologien, og er svært opptatt av å sjå ungdom frå eit ruralt perspektiv. Ungdom sine livsløp blir forma ulikt etter kvar dei veks opp geografisk, også i seinmoderniteten.

Fleirtalet av verdas befolkning bur i urbane område, og er eit fenomen som er svært sosiologisk interessant. I følgje Farrugia har det i denne forskinga skjedd ei nedprioritering av ungdom i rurale strøk, noko han ser på som ein ikkje-ankjent metrosentrisme (Farrugia, 2014, s.293). Det skjer ei generalisering av ungdom, og ungdom i rurale strøk blir marginalisert (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.48). Både klassisk og moderne sosiologisk ungdomsforskning er blitt kritisert for denne generaliseringa. «Hvordan det fysiske landskapet

vi befinner oss i skriver seg inn i oss gjennom sosialiseringen på linje med andre sosiale strukturer er et viktig og ofte oversett faktum.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.54).

Overgangane til ungdom har endra seg mykje med seinmoderniteten og høgare utdanning har blitt ein del av det doxiske området, noko eg kjem tilbake til (Gerrard, 1993, s.22).

Ungdomane som ikkje ønsker å ta høgare utdanning, flytte til ein større by, og set heimstaden sin som svært verdifull for seg høyrer til mindretalet av ungdom. Kvifor desse ungdomane vel å bli igjen på heimstaden sin, og vere eit «unntak» frå norma er eit interessant sosiologisk fenomen. Kvifor ønsker ikkje dei å flytte og/eller ta høgare utdanning? Eit metrosentrisk perspektiv i ungdomssosiologiske undersøkingar er derfor relevant. Kven er desse ungdomane som set bygda framfor bylivet? Kva påverkar dei til å tenke slik?

Bygda, inkludert yrkesfag blir sett ned på og utdatert frå eit urbant perspektiv, men gutane i Indre-Agder gjer det same om eit urbant liv frå eit ruralt perspektiv, som eg skal ta føre meg seinare i oppgåva. Gutane i artikkelen til Nepstad og Skarpenes meiner også at bygd ikkje er bygd, og at det er noko særeige med den staden ein veks opp på (2021, s.53). Kvar stad har ulike lokale sosiale, materielle og strukturelle kvalitetar. Det som er felles for alle bygdene er prosessar på makro-nivå påverkar prosessar på mikro-nivå. Men korleis og i kor stor grad dei blir påverka er avhengig av historiske og økonomiske forskjellar frå stad til stad (Farrugia, 2014, s.298). Økonomiske, kulturelle og politiske prosessar gjer stadar unike, og aktørar som veks opp på ulike stadar blir ulikt forma av desse prosessane. Når ein ser på overgangane til ungdomane frå eit stadleg perspektiv, kan vi sjå staden i samanheng med den sosiale bakgrunnen til familien, arbeidsmarknaden og bustadmarknaden til staden (Farrugia, 2014, s.296). Dette er faktorar som påverkar moglegheitene og framtidaspirasjonar til ungdom. Tidlegare forskning om ungdomsovergangar viser at framtidstankar og aspirasjonar er påverka av dei strukturelle lokale moglegheitene (Farrugia, 2014, s.296). Utan desse variablane beskriv moderne ungdomsovergangs forskning ein homogen, universell og individualisert modernitet (Lødding & Paulgaard, 2019, s.77).

Lokal spesifikk kapital – lokalt relevant kunnskap og lokale sosiale nettverk

I Lødding og Paulgaard sin artikkel om tid og stad frå 2019 er det empiriske materialet, intervju med ungdom i alderen 17-20 år frå Finnmark som har droppa ut av vidaregåande opplæring (2019, s.81). Dei trekk inn Farrugia sin kritikk på ungdomssosiologien si marginalisering av rural ungdom, og er opptatt av å vise at urbanisering er endringar som påverkar folk både i urbane og rurale strøk (Lødding & Paulgaard, 2019, s.77). For å forklare

dette har dei valt å analysere lokal integrasjon og tilhøyrse gjennom Micheal Corbett sitt omgrep «localised social capital» (Lødding og Paulgaard, 2019, s.79). Dei forstår omgrepet både som lokale nettverk (relasjonar og tilgang til sosiale og materielle ressursar, og lokalt relevant kunnskap (kroppsleggjorde erfaringar og ferdigheiter). For å få fram korleis staden formar aktørane tenkjer eg at dette er eit relevant omgrep.

Eg tenker at dei kroppsleggjorde erfaringane og ferdigheitene ein tileignar seg på ein stad er spesielt interessant for å forklare tilknytning vi har til heimstaden vår. Eg vil trekke inn Bourdieu sin teori om habitus og kroppsleggjord kulturell kapital. Corbett skriv også at han tek utgangspunkt i kapital-teorien til Bourdieu i danninga av omgrepet lokal kapital (Corbett, 2007, s.46). Kroppsleggjord kulturell kapital må investerast i av aktøren og tek tid, slik som til dømes arbeid på ein fiskebåt i all slags vær må erfarast for å bli god på det (Bourdieu, 2006, s.10). Bourdieu meiner at det er familien ein blir født inn i sin sosiale bakgrunn som i størst grad påverkar moglegheitene og vala til eit individ, og vektlegg ikkje det geografiske perspektivet.

Kroppsleggjord kulturell kapital kan knytast til lokal kapital fordi den lokalt relevante kunnskapen må blir erfart personleg av aktøren. På denne måten blir aktøren ein del av eit fellesskap og kjenner på ei tilhøyrse. Det som er integrert i kroppen vår og tileigna personleg er med på å forme vår habitus som påverkar interesser, smak og verdiar. Habitus er summen av økonomisk, sosial og kulturell kapital, og den feltspesifikke kapitalen (til dømes arbeid på fiskebåt) til ein aktør (Aakvaag, 2008, s.162). Lødding og Paulgaard forstår lokal kapital blant anna som tilgang på materielle ressursar, og «Materialitet forstått som påvirkning gjennom omgang med fysiske gjenstander og omgivelser, bidrar til sanselige erfaringer som inkluderer den situerte kroppen og kroppen som levd erfaring.» (Lødding & Paulgaard, 2019, s.78). Ved å snakke om ein lokal kapital ser ein korleis staden blir kroppsleggjord i habitusen til mennesket.

For å få fram betydinga av stad i framtidsaspirasjonane til ungdom har eg tenkt å skrive ein generell refleksjon rundt dei tre artiklane som er nemnt ovanfor. Eg skal fokusere på informantane og korleis vala deira blir påverka av staden. I diskusjonen vil eg trekke fram betydinga av lokal kapital for ungdomane, og sjå på likheiter og ulikheiter på korleis ungdomane er knytt til heimstaden sin. Korleis har heimstaden forma ungdomane?

[Analyse – Korleis påverkar staden ungdomane i Vest-Finnmark, indre-Agder, Oslo og](#)

Rogaland sine val og verdier?

Eg skal ta føre meg Gerrard, Nepstad & Skarpenes og Hegna & Reegård sine artiklar, med fokus på dei empiriske undersøkingane i artiklane. Spesielt vil eg ha fokus på stadtilhøyrse, identitet, og val av arbeid og utdanning gjennom eit ruralt perspektiv. Ungdomane i artiklane kjem frå rurale område og ein ser korleis staden påverkar ungdomane sine val og verdier. Artiklane er gode eksempel for å sjå på kva staden betyr for ungdomar og korleis staden formar identitetane deira. Gerrard sin artikkel bidreg til eit breiare historisk perspektiv. Eg synest Nepstad og Skarpenes har gode argument for staden si betydning for aktøren. Til saman gir artiklane geografisk variasjon.

«Æ kan tenke mæ å bli her, men ikke for enkver pris» - Siri Gerrard

inn gjennom individuelle intervju, gruppeintervju, uformelle samtalar og kortvarig deltaking i miljøa (Gerrard, 1993, s.22). Intervjua er frå 1990-talet, og det er viktig å huske på at ungdom sin situasjon endrar svært raskt. På 1990-talet var dei ei stor omvelting i fiskeriindustrien og det vart innført kvotegrenser. «For første gong etter andre verdskrigen opplever dei unge som skal ut på arbeidsmarknaden, at det er knapt med arbeid både på heimplassen og andre stadar.» (Gerrard, 1993, s.24). Fleire av ungdommane fortel at dei ønsker å busette seg på heimstaden, men det må vere arbeid til dei når dei vendar tilbake etter fullført utdanning, noko Gerrard beskriv i tittelen på artikkelen. Fiskerisamfunna i nord er svært opptatt av arbeid og arbeidsmoral, og er eit nøkkelsymbol for desse lokalsamfunna. Dette kjem til syne gjennom den lokalt relevante kunnskapen som er delt inn i erfaring og ferdigheit. Fiskerikulturen må erfarast, og er særreigen for desse lokalsamfunna. Når ein får ei erfaring blir den integrert i kroppen vår og kroppsleggjord. Arbeid på fiskebåtar er noko som må erfarast, kjennast på kroppen og vere ein del av for å forstå dei sosiale normene.

Ungdomane i fiskebygdene skil mellom dei som blir igjen for å arbeide og dei som flyttar for å gå på skule. Generelt er det eit negativt syn på skule og teoretiske utdanning på denne tida i Nord-Norge, men med fiskerikrise og innføring av kvote er det i ferd med å skje ei endring i det doxiske området. I utgangspunktet er det dei fastbuande ungdomane som blir sett på som ei dominerande gruppe og har makt til å definere kva som er doxa (Gerrard, 1993, s.23). For å forstå betydinga av arbeid som symbol og lokale kulturelle definisjonar, «(...) altså dei kodane og den meininga som ligg bak dei komplekse åtferdsmønster.» (Gerrard, 1993, s.21), tek Gerrard føre seg Bourdieu si forståing av skiljet mellom det doxiske området og opinion-området (Gerrard, 1993, s.22). «Det doxiske området (doxa) er den sjølvsgde og

underforståtte delen av kulturen som ikkje er oppe til debatt.» (Gerrard, 1993,s.22). Opinion-området er i motsetning til det doxiske området, den delen av kulturen som er ope til debatt. Ein måte å skilje mellom desse på er å tenkje på kva som kan verbalt diskuterast, der doxa ikkje kan verbalt diskuterast og kan samanliknast med uskrivne normer. Uskrivne normer er likevel meir konkret og kan variere berre frå gruppe til gruppe. Doxa området omhandlar i større grad den dominerande kulturen som inneheld «naturleg gitte» haldningar og verdiar. Når fleire flyttar for å ta utdanning i mangel på arbeid kjem haldninga til utdanning og skule opp til debatt og i opinion-området. Ungdomane må sjå nye moglegheiter og karrierevegar, og vala blir meir individuelle og mindre generasjonsbaserte. Gerrard ser ei endring frå 1970-90-talet. Spesielt dei yngre ungdomane i materialet kan fortelje at «(...) dei har eventyrlyst og ønskjer å oppleve noko nytt.» (Gerrard, 1993, s.24). Fleirtalet av ungdomane i materialet uttrykker likevel at dei ønskjer å bu på heimstaden, så lenge dei frå arbeid som er relevant for utdanning deira. Ungdomane i Vest-Finnmark sett jobb framfor stadlege preferansar.

Å fullføre vidaregåande og ta høgare utdanning blir den nye moglegheita for ungdomane når dei ikkje finn arbeid. Ungdomane sine livsløp blir meir individualiserte og utdanning gir moglegheit for varierte karriereløp. Generasjonsoverføringa i fiskeriindustrien forsvinn. Doxa-området er under endring, og den lokale identiteten og omgrepet tilhøyrslle blir endra (Gerrard, 1993, s.34). Ungdomane blir knytt til heimstaden sin gjennom sambuarskap, vennskap og naturopplevingar, og ikkje berre gjennom fisk og arbeid. «Ved å sjå nærmare på kva som skjer når tilgangen på arbeid blir mindre, kan vi få meir innsikt i om tilhøyrsllekriteria hos dei unge eller grupper av unge blir endra.» (Gerrard, 1993, s.32). Grupper med aktørar som har vokse opp i lokalsamfunnet, både unge og vaksne, kjenner til kva som er doxa og blir sett på som dominerande grupper. «Det er ofte slik at dei dominerte gruppene aksepterer meir eller mindre motvillig det biletet av verda som dei dominerande har.» (Gerrard, 1993, s.22). Det som er doxa i eit lokalsamfunn kan vi sjå på som lokalt relevant kunnskap. Den lokalt relevante kunnskapen som den dominerande gruppa har, er nok først og fremst påverka av at dei er oppvaksne der. Gjennom oppveksten får ein også eit sosialt nettverk på staden, og den lokalt relevante kunnskapen heng saman med dei lokale nettverk. Det er gjennom dei lokale sosiale nettverka dei dominerande gruppene kan bruke makt. Den lokalt relevante kunnskapen og det lokale sosiale nettverket har ein gjensidig påverknad på kvarandre, som vi ser i den dominerande gruppa.

Lokal yrkesfagkultur og ulikhet i fortellinger om ungdoms utdanningsvalg – et stedssensitivt blikk på Oslo og Rogaland – Kristinn Hegna & Kaja Reegård

Hegna og Reegård ønsker å forstå korleis utdanningskulturar og lokale arbeidsmarknadar påverkar unge sine aspirasjonar og utdanningsval. Dei er opptatt av kompleksiteten i måtane sosial ulikheit i utdanning blir skapt, oppretthaldt og forsterka. Dei skriv at dei derimot ikkje er så opptatt av det lokale rommet og oppvekststaden til ungdom, men at staden sin karakter er knytt saman med utdannings val og yrke, slik at lokale logikkar må bli tatt med som ein faktor (Hegna & Reegård, 2019, s.92). Sjølv om ikkje deira fokusområde er på staden, trekk dei staden inn som ein viktig faktor, og eg kan derfor sjå den som relevant for problemstillinga mi. Dei tek føre seg ein strukturell kontekst for yrkes og utdanningsval til ungdomar i Oslo og Rogaland, i tillegg til lokale praksisar og dei stadlege sjølvforståingane og identitetane til ungdom.

Artikkelen er ein case-komparativ analyse, der Oslo og Rogaland er ein case med maksimum variasjon (Hegna & Reegård, 2019, s.96). Oslo skil seg ut ved at dei er under landsgjennomsnittet når ein ser på kor mange ungdomar som vel yrkesfagleg utdanning framfor studieforbereande. Medan Rogaland er motsett, og er over gjennomsnittet på kor mange ungdomar som vel yrkesfagleg utdanning framfor studieforbereande. I Rogaland vart 15 elevar på industriteknologi intervjuet, der det var fokus på kvifor dei valde som dei gjorde på vg1, overgang til vg2, trivsel, læringsmiljø, utvikling av faglege interesser, relasjon til lærar og opplevinga av prosjekt til fordjuping (Hegna & Reegård, 2019, s.96). I tillegg vart dei spurt kva planar dei hadde til hausten og tankane deira om framtida. Oslo-elevane var unge vaksne i alderen 20-22 år som hadde gått yrkesfaglege utdanningsløp. 22 informantar vart valt ut der alle hadde fullført lærlingtida si eller studiekompetanse. Her var fokuset heile utdanningsløpet deira, frå barneskule til studieslutt, motivasjon for utdanning og overgangar.

Moderniseringsprosessar som påverkar arbeidsmarknaden og næringslivet er de-industrialisering, globalisert arbeidsmarknad, finanskrisa og aukande vekt på teoretisk og høgare utdanning (Hegna & Reegård, 2019, s.99). På grunn av oljeindustrien si store økonomiske vekst og sentrale rolle i norsk økonomi, har ein klart å modernisert og styrka desse arbeidsplassane. Dei materielle manifestasjonane i Rogaland bidreg til positivitet mot yrkesfaglege utdanning og yrkesaspirasjonar. Industrien har blitt meir kunnskapskrevjande industri, og dermed tilpassa seg de-industrialiseringa av næringslivet betre enn t.d. Oslo. «Dei strukturelle endringane er globale, men gir altså ulikt avtrykk i Oslo og i Rogaland.» (Hegna & Reegård, 2019, s.98).

Oslo-elevane

I denne artikkelen kan vi sjå korleis globale endringar og moderniseringsprosessar har påverka og endra dei to byane sine arbeidsmarkandar. I dag er Oslo prega av inndeling av Oslo-vest og Oslo-aust, og arbeidsmarknaden består av omsetning og drift av eigedom, kunstnarisk verksamheit og underhaldning, og helsetenester. Det har det skjedd ei de-industrialisering og de-skilling av bedrifter som har ført til mangel på læreplassar og yrkesfaglege vidaregåande skular (Hegna & Reegård, 2019, s.99). Berre to av ti ungdomar i Oslo vel yrkesfagleg utdanning. Med låg søking på yrkesfag og få lærlingplassar, blir denne retninga svakt lokalt forankra, og normaliteten blir studiespesialiserande linjer. Dette blir integrert i dei lokale aktørane sine val og haldningar, og heller ikkje familie og venner oppmuntrar aktørar til å ta yrkesfag (Hegna & Reegård, 2019, s.99).

Oslovest og Osloaust er prega av eit klasseskilje som elevane i stor grad identifiserer seg med, og legg stor vekt på dei geografiske skilja mellom bydelane. Informantane Jenny og Thomas som har vokse opp på Oslovest, kan fortelje at det geografiske skilje mellom skulane på austkanten og vestkanten, også er eit kulturelt skilje. Elevane på austkanten går stort sett yrkesfag og blir beskrive som skuleleide, elevar med innvandringsbakgrunn og som ikkje tek ansvar for sin eigen kvardag (Hegna & Reegård, 2019, s.102). Jenny som sjølv gjekk yrkesfag kan fortelje at ho fekk negative reaksjonar på utdanningsvalet sitt når ho fortalte det til vennegjengen frå Oslovest. Det lokale sosiale nettverket på austkanten og vestkanten har ulike haldningar til val av utdanning.

Fahad har vokse opp på austkanten og kan også fortelje om ei sterk tilhøyrsløse som heng saman med identiteten hans. I hans nabolag skjer det ei territorial stigmatisering, som er ei geografisk stigmatisering som ofte skjer i nabolag eller bydelar der det er fleirtal med innvandringsbakgrunn. Innbyggjarar i ein bydel som er prega av territorial stigmatisering tileignar seg ferdigheiter og maskulinitet gjennom stigmatiseringa som bidreg til ei identitetsdanning. Fahad fortel at «(...) man både blir mentalt sterkere og «kanskje litt hardere» av å vokse opp på østkanten (...)» (Hegna & Reegård, 2019, s.104). Korleis austkanten er prega av territorial stigmatisering er ei form for lokalt relevant kunnskap, då denne lokale erfaringa blir kroppsleggjord og integrert i habitusen til Fahad. Stadtilhøyrsla bidreg også til kva moglegheiter og framtidspirasjonar Fahad ser føre seg, som vil jobbe i eit hierarkisk miljø og bli brannmann (Hegna & Reegård, 2019, s.105). Han fortel også sjølv at «hadde eg vokst opp et annet sted hadde jeg vært en helt annen person.», og ser fordelar med den stigmatiserte oppveksten sin som har gitt han eigenskapar som er nyttige seinare i livet (Hegna & Reegård, 2019, s.105).

Eg tenkjer at den sosiale bakgrunnen til elevane har mykje å seie for valet av utdanning, men Hegna og Reegård skriv at «Svært få av Oslo-elevane gir ein indikasjon på at yrkesvalet er sterkt påverka av foreldrene.» (Hegna & Reegård, 2019, s.100). Dei er kanskje ikkje klar over det sjølve, men i botn og grunn har oppvekststaden deira med den sosiale bakgrunnen til foreldra å gjere då det er klasseforskjellar som i stor grad skil Oslovest og Osloaust. Eg vil seie at blant Oslo-elevane kan vi sjå ein tydeleg samanheng mellom stadtilhøyrse, identifikasjon og val av utdanning og arbeid.

Rogalands-elevane

Den lokale praksisen har maksimum variasjon i Oslo og Rogaland, noko som gir ulikt utfall på dei individuelle livsvala til aktørane på dei to stadane. Mykje på grunn av lokasjonen til Rogaland oljekysten av Norge, er der framleis mange arbeidsplassar i industri og handverk (Hegna & Reegård, 2019, s.97). Desse bedriftene har ofte gode moglegheiter til å ta inn lærlingar. Dei primære næringane er oljeindustri, mekanisk og metallurgisk, i tillegg til jordbruk. På grunn av denne typen arbeidsmarknad er yrkesfagleg utdanning ein positiv veg å gå for å vere sikra arbeid. Næringslivet i Rogaland har klart seg bra gjennom ulike økonomiske kriser, og moderniseringa av næringslivet har derfor klart å halde tritt med dei strukturelle globale endringane. Ein stor del av befolkninga er tilsett i handverksarbeid, og kulturen i lokalsamfunnet, den lokalt relevante kunnskapen fortel dei unge at det er ein positiv veg å gå.

God kommunikasjon mellom ulike bedrifter og skulane gir gode moglegheiter for jobb etter fullført utdanning. Dette gjer at dei som går yrkesfag klarer seg godt, og gir eit positivt inntrykk. Dei lokale sosiale nettverka gir positive reaksjonar og støttar opp om utdanningsvalet. Den lokalt relevante kunnskapen fortel aktørane at det er noko som er godtatt i lokalmiljøet og informasjon om kva bedrifter som har behov for lærlingar. I Rogaland spelar det lokale sosiale nettverket ei stor rolle for val av utdanning og arbeid. Mange av klassekameratane skal vere lærlingar i same firma, og relasjonane blir kanskje enda sterkare når dei held fram med å sjå kvarandre som lærlingar. Stein frå Stavanger fortel at tette relasjonar påverkar valet av utdanning:

Stein: Jeg har mange venner som gikk på Stavanger offshore tekniske skole, de gikk der nå, i fjor, da jeg gikk vgl om igjen. De er i lære nå, dette året her, og de forteller om alt de gjør. Da har jeg funnet ut at det er det jeg vil, allikevel. Jeg har ikke fått vite noe noen andre steder. Det er venene mine som har fortalt det. Så da søkte jeg ut der.

(Hegna & Reegård, 2019, s.101)

Å velje yrkesfag er i det doxiske området i Rogaland og ligg derfor naturleg i tankegangen til elevane. Det er det som er mest logisk for dei å velje både i form av sosiale og materielle praksisar. Mange av Rogalands-elevane identifisera seg med yrkesfagleg arbeid frå oppveksten og er familiært tilknytt. «De fleste ungdommene hadde en eller to foreldre med faglært arbeid i industri eller håndverk.» (Hegna & Reegård, 2019, s.103). Identitet og arbeid går hand i hand blant gutane spesielt. Fleire av Rogalands-elevane fortel at dei vel utdanning som gir dei større moglegheit for å få jobb på heimstaden, då dei ønsker å busetje seg der etter fullført utdanning (Hegna & Reegård, 2019, s.104). Fordi elevane identifisera seg med det som er doxa på heimstaden sin, og er godt motteke i vennegjengen, skapar det eit fellesskap og ei tilhøyrslle.

Kroppslig og sosial stedtilhørighet. Bygdegutters forankring og framtidsperspektiver – Christian Nepstad & Ove Skarpenes

Nepstad og Skarpenes legg vekt på at tilhøyrsla og dei sterke kjenslemessige banda som er knytt til bygda sin natur, interessene som blir kombinert som sosial møteplass t.d. mekking og råning, påverkar i stor grad val av utdanning, bustad og kjærast (Nepstad & Skarpenes, 2021, s. 49). Stad blir her forstått frå eit ruralt perspektiv som ein fornøyelse og oppleving, dei subjektive og emosjonelle banda folk har til staden sin. Lågt folketal og låg befolkningstettleik skapar ein rural og tradisjonell livsstil prega av stabilitet, likskap og sosial kontroll. Å tenkje på bygda som “the rural idyll or the rural dull” er eit uttrykk Skarpenes og Nepstad brukar for å kategorisere om unge vil bu i bygd eller by (Nepstad & Skarpenes, 2021, s. 50). Informantane deira er 8 ungdomar frå indre-Agder, der ein av dei er student som er den einaste som kunne tenkje seg å fortsette å bu i by.

Gutane i indre Agder set ønsket om å busetje seg på heimstaden høgare enn draumejobben, og vel derfor utdanning og yrke etter arbeidsmarkanden i Fjellbygda. Det rurale livet er gutane sitt orienteringspunkt i følgje Nepstad og Skarpenes. «Det er ikke jobbens i seg selv, men *jobbens lokalisering* som preger guttenes valg.» (val av utdanning) (Nepstad & Skarpenes, 2021, s. 53). Desse gutane ser på bygda som «the rural idyll». Gutane vektlegg også interesse når dei snakkar om heimstaden sin, og tenkjer at her er det moglegheit for å drive med det dei ønsker. Interesser dei ser på som kjekt er den naturen (jakt og fiske) og garasjen (mekking og bil) kan by på. Desse interessene skapar tilhøyrslle til staden gjennom felles erfaringar med den sosiale omkrinsen sin. Gjennom interessene skapar dei tilhøyrslle og identitet fordi dei

identifisera seg med sin vennegjeng, samtidig som dei skapar avstand til det dei ikkje identifisera seg med. Det blir danna ei grense mellom oss og dei andre. Dette er viktig for å finne sin identitet. Staden blir opplevd gjennom kroppen og blir dermed styrande for vår oppleving av verda. «Stedet guttene vokser opp gir dem den grunnleggende konteksten som identiteten dannes i, og daglig praksis over tid vil etablere en stabil kroppslig opplevelse av stedet som gjør at de enten kjenner på tilhørighet eller utenforskap.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.54).

Eg synest at overskrifta til Nepstad og Skarpenes «Kroppslig og sosial stedstilhørighet.» er interessant då vi kan knytte det til lokalt relevant kunnskap og lokalt sosialt nettverk. Den lokalt relevante kunnskapen er delt inn i erfaring og ferdigheit, noko vi kan sjå på som kroppsleggjord (Lødding & Paulgaard, 2019, s.5). Ei kroppsleggjord stadtilhøyrslar blir integrert i kroppen til aktøren og formar habitusen. Habitusen blir prega av interesser, haldningar og verdiar etter staden vi veks opp og dei ulike sosialiseringssjessane i oppveksten. Når stadlege faktorar er med på å gi kroppslege erfaringar og ferdigheiter, og ulike sosiale nettverk, formar det habitusen til aktøren, og på denne måten er staden med på å forme aktøren. Det lokale sosiale nettverket bidreg til ei sosial stadtilhøyrslar. Kroppsleg og sosial stadtilhøyrslar heng saman fordi det er med stort sannsyn at du får den kroppslege stadtilhøyrslar gjennom sosiale relasjonar, og dei sosiale relasjonar blir danna i dei kroppsleggjorde aktivitetane. Til dømes gjennom mekking som nemnt ovanfor, då ein skapar relasjonar gjennom aktivitetane ved å samarbeide og hjelpe kvarandre, samtidig som ein då tileignar seg erfaring og ferdigheiter. Mekking er kanskje ikkje så stadsjesifikt, men ofte er det ein del av den lokale kulturen på mindre stadar. Fiskerikulturen i Vest-Finnmark er eit betre eksempel på akkurat dette. I diskusjonen vil eg gå enda meir inn på ungdomane si kroppslege og sosiale stadtilhøyrslar, og diskutere om bygde-ungdomane ser på bygda som «the rural idyll».

Diskusjon

Korleis påverkar ulike moderniseringsprosessar ungdomane i Vest-Finnmark, indre-Agder, Oslo og Rogaland si *stadtilhøyrslar*, *identitetsdanning* og *deira val av utdanning og arbeid*? Denne inndelinga er sosiologisk inndeling som i verkelegheita ikkje nødvendigvis er realistisk å skilje mellom. Val av utdanning og arbeid er ikkje heilt tilfeldig og er påverka av kven aktøren identifisera seg med, som blant anna kan vere påverka av kvar aktøren veks opp. Korleis påverkar staden identiteten til ungdomane? Kan vi sjå fellestrekk blant ungdomane

sine framtidsaspirasjonar frå dei ulike bygdene? Fiskeribygdene i Vest-Finnmark var prega av ei fiskerikrise i året 1990 og ungdomar måtte finne nye og individuelle karriereveggar. Tittelen på artikkelen til Siri Gerrard fortel oss at desse ungdomane gjerne vil busetje seg på heimstaden sin, men ikkje for ein kvar pris. Dei sett jobbmoglegheiter framfor ønsket sitt om å bli buande på heimstaden. Sju av åtte gutar i indre-Agder sett derimot ønsket om å busetje seg på heimstaden sin framfor yrkesvalet sitt. Ønsket om å busetje seg på heimstaden var også noko nokre av Rogalands-elevane uttrykte. Felles for desse ungdomane er at dei har vokse opp med handverksyrker rundt seg, noko eg opplev som noko som skapar sterkare tilknytning til det lokale sosiale nettverket og dermed også til staden. Gjennom praktiske aktivitetar saman skapar ein eit fellesskap, slik som med til dømes fotball og handball, men handverksaktivitetar inkludera i større grad eit familiært engasjement. Nepstad og Skarpenes argumentera for at slike kvardagslege aktivitetar (til dømes mekking, snekring, og andre reparasjonsaktivitetar) bidreg til eit fellesskap og tilhøyrsele til både sosiale relasjonar og familie (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53). «Personer som har vokst opp der foreldre og besteforeldre har vokst opp, har større sannsynlighet for å bosette seg i samme region når de blir voksne (...)» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53).

Den geografiske plasseringa til dei ulike stadane eg har tatt føre meg er variert og prega av ulike lokale praksisar. Stad er ikkje berre ein stad, den har unike lokale kulturelle og materielle praksisar og prosessar som ikkje kan samanliknast med andre stadar. For det første er det historiske og økonomiske forskjellane mellom stadar, for det andre er det ulike menneske som bur på stadane, noko som gir eit unikt sosialt nettverk for den geografiske staden. Til sist har alle stadar ulike strukturelle og materielle moglegheiter når det gjeld primærnæringar, politikk og næringsliv. Ungdomar blir forma av desse faktorane på heimstaden sin, og blir spesielt knytt til staden dei veks opp på. Noko vi kan sjå i dei ulike bygdene eg har tatt føre meg. Eg skal vidare diskutere ungdomane i materiala si stadtilhøyrsele, identitet og val av utdanning og arbeid.

Stadtilhøyrsele

Korleis blir ungdom knytt til heimstaden sin, og i kva grad kjenner dei på ei stadtilhøyrsele? Gutane i indre-Agder er av dei som kjenner på sterkast stadtilhøyrsele etter mitt inntrykk og vektlegg spesielle eigenskapar med heimstaden sin, Fjellbygda. «Flertallet av guttene mener imidlertid at bygd ikke er bygd.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53). Dei kjenner heimbygda si på måte som er ein berre kan kjenne staden ein har vokse opp på, Nepstad

beskriv det som kroppsleg og sosial stadtilhøyrsl. Dersom desse gutane hadde flytta til Vest-Finnmark, til ei fiskebygd, hadde dei ikkje følt på den same tilhøyrsla. I Fjellbygda er dei lokale sosiale, materielle og strukturelle prosessane integrert i habitusen til gutane. Det er noko spesielt med den staden ein veks opp på, barndomsminna legg seg innerst i hjartet. «Bygdas sosialitet og familiære engasjementsformer, samt bygdas materialitet nedfeller seg i bygdeguttenes kroppslige dimensjoner og følelser som påvirker valg, livsopplevelser og framtidsplaner.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s. 54). I danninga av habitusen blir det til ei personleg tilknytning til staden, og ein kjenner på tilhøyrsl eller utanforskap på ein kroppsleggjord måte. Corbett (2007, s.46) legg vekt på at denne kunnskapen berre er gjeldande innanfor eit geografisk område. Den lokalt relevante kunnskapen og det lokale sosiale nettverket er særlege for den geografiske staden.

Sosiale relasjonar til andre på heimstaden skapar ei sterk tilhøyrsl både til menneska på staden og staden (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53). «Dei skuleelevane som har kjærastar eller nære venner lokalt, ser ut til å kome oftare heim og uttrykkjer eit nærare forhold til bygda enn dei som ikkje har så nære relasjonar til kvarandre.» (Gerrard, 1993, s.33). Gutane i Agder kunne aldri tenkje seg å bu i ein by, noko som har med dei materielle og strukturelle eigenskapane til staden å gjere. Dei er oppvaksne med god avstand til naboar, stor garasje og kort veg til naturen, dette er noko dei mest sannsynleg ikkje får i ein by. Fordi dei er oppvaksne slik, er det verdiar dei verdsett og opplev som trygt og fint, verdiane skapar ei stadleg tilhøyrsl som blir integrert i tankemønsteret våra. «For dem som tilhører familier som er godt integrert innenfor det lokale fellesskapet, kan det det bidra til å skape en følelse av trygghet og tilhørighet.» (Heggen et al., 2007, s.96).

Stadtilhøyrsl og identitetsdanning heng saman, og Fahad i Hegna og Reegård sin artikkel beskriv akkurat dette. «(...) hadde jeg vokst opp et annet sted hadde jeg vært en helt annen person.» (Hegna & Reegård, 2019, s.105). Fahad har vokse opp på Osloaust som er prega av ein innvandarkultur og har andre materielle moglegheiter og praksisar enn t.d. Oslovest. Han har lært å identifisere seg med heimstaden sin i staden for å skamme seg over kvar han kjem i frå. Fahad har tatt til seg det han har lært av å vokse opp på Osloaust der staden har ein «ghetto-karakter» som han beskriv som ein maskulinitet der ein må ver «steinhard» og «tøff inni kroppen» (Hegna & Reegård, 2019, s.105). Når vi samanliknar Oslovest og Osloaust ser vi tydelege forskjellar på lokale praksisar og korleis dette påverkar aktørar. Den lokalt

relevante kunnskapen og lokale sosiale nettverk er svært ulike, mykje på grunn av klasseforskjellar og innvandring. Yrkesfag blir sett ned på og sett i eit opinion område, medan det som kulturen på Oslovest, t.d. høgare utdanning og motiverte for å ta utdanning er doxa. «Denne naturleggjøringa av valget som stedets lokale praksiser bidrar til, har også feste i familiebakgrunn og klassesilhørighet.» (Hegna & Reegård, 2019, s.103).

Oslo er ein så stor by at den i tillegg til påverknad frå globale moderniseringsprosessar, har store lokale forskjellar. Dei lokale forskjellane kjem blant anna frå innvandring og globalisering. «De yrkesfaglege skolenes plassering i Oslo blir en materiell manifestasjon av de sosiale strukturene i byen, med store klaseskiller mellom øst og vest i byen.» (Hegna & Reegård, 2019, s.102). Dei lokale forskjellane bidreg til at ungdomane si tilhørsle til enten vest eller austkanten har ein påverknad på utdanning og yrkesaspirasjonane til ungdomane. Her går stad og klasse hand i hand, og klassebakgrunnen til elevane påverkar kanskje valet deira like mykje som staden.

Identitet og identitetsdanning

Korleis formar staden identiteten til ungdomane? Ungdomsforskning ser ikkje på eit stadleg perspektiv som ein utgjerande forskjell for ungdomar, men kanskje har dei feil? Ei generalisering av ungdom utan eit stadleg perspektiv bidreg til mangelfull forskning. Lødding og Paulgaard vektlegg staden som ein vesentleg forskjell i moglegheiter for ungdom, og meiner at geografiske forskjellar kan bidra til at ulikheit mellom ungdom blir auka (2019, s.77). Gutane i indre-Agder legg stor vekt på kvalitetane ved heimbygda si og at interessene dei har er interesser som heng saman med materielle moglegheiter på bygda. «Stedet guttene vokser opp gir dem den grunnleggende konteksten som identiteten dannes i, og daglig praksis over tid vil etablere en stabil kroppslig opplevelse av stedet som gjør at de enten kjenner på tilhørighet eller utenforskap.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.54). For å finne ut kven ein er må ein også finne ut kven ein ikkje identifiserer seg med, og gutane her påpeikar tydeleg at dei ikkje identifiserer seg med eit liv i byen. Gutane legg vekt på tilgangen til naturen, god plass rundt seg, og mekking i garasjen saman med venner, noko dei tenkjer dei ikkje har same moglegheita for i byen. Ungdomane i Gerrard sitt materiale skapar også identitet gjennom staden sin kulturelle og sosiale praksisar, og identifiserer seg ikkje med dei som går på skule og tek høgare utdanning. Kva ungdomskulturar ein identifiserer seg med blir i stor grad påverka av kvar ein har vokse opp, og kva val ein tek seinare. Ungdomane som flyttar er ofte dei som ikkje har dei same interessene som er tilgjengelege på bygda, og søker til noko meir i

byen.

Hegna og Reegård er opptatt av korleis staden formar unge menneske, og Fahad som er nemnt ovanfor er eit godt eksempel på dette. Identitet er knytt til utdanningsval, og utdanningsval er knytt til identitet. Staden formar aktørar og deira identitet, og dermed med på å påverke kva utdanningsval aktøren tek. Stad, identitet og utdanningsval heng saman. Fahad er frå Osloaust og beskriver korleis staden har forma han som person, ein type maskulinitet og framtidspirasjonane hans. Habitusen hans har blitt forma av dei kulturelle prosessane på staden, og han meiner sjølv at han ikkje hadde vår den same personen dersom han hadde vokse opp ein anna stad. Stein frå Rogaland legg også vekt på familiær bakgrunn når han identifiserer seg, og fortel at når faren hans er stolt over utdanningsvalet hans, blir han sjølv stolt og gla over valet sitt (Hegna & Reegård, 2019, s.104). Fellesskap blir lagt stor vekt på når det gjeld tilhøyrsløse i alle tre artiklane, og tilhøyrsløse er vesentleg for å finne ut kven ein identifiserer seg med. I nord skil dei sterkt mellom dei ungdomane som blir igjen og dei som flyttar for å gå på skule. Her kan vi sjå samanknyttinga av identitet og utdanningsval, då det gjerne er dei som ikkje ønsker å identifisere seg med fiskerikulturen som flyttar for å ta andre utdanningar. Gerrard skriv «Oppfatningane av om det finst mulegheiter, verkar inn på graden av identifikasjon med heimlassen.» (Gerrard, 1993, s.33) noko som viser til nettopp det. Dei som er fødte og oppvaksne på staden har kanskje også eit lokalt sosialt nettverk til fordel for seg i jobbsøking i handverksyrka. Nettopp fordi ein gjennom oppveksten tileignar seg eit lokalt sosialt nettverk gjennom til dømes å vere med ut på fiske som 16-åring der ein får kjennskap til mannskap og arbeidet. Den tileigna feltspesifikke kapitalen til ein aktør påverkar kven aktøren kjenner i lokalsamfunnet.

Val av utdanning og arbeid

Korleis påverkar staden ungdomane sitt val av arbeid og utdanning? Er det berre staden som påverkar valet? Hegna og Reegård tek føre seg korleis staden er med på å påverke val av utdanning og arbeid gjennom stadlege logikkar (2019, s.96). Dei beskriv korleis globale endringsprosessar påverkar lokale strukturelle endringar gjennom de-industrialisering, globalisert arbeidsmarknad, finanskrisa og aukande vekt på teoretisk og høgare utdanning (Hegna & Reegård, 2019, s.99). Dei lokale strukturelle endringane er ulike i Oslo og Rogaland og er påverka av politiske, økonomiske og strukturelle prosessar. Dei globale endringsprosessane har ulike påverknad på Oslo og Rogaland, men begge stadane blir påverka på lokalt nivå. Oslo og Rogaland har ulikt politisk, økonomisk og historisk utgangspunkt og

endringane blir derfor stadspesifikke. Farrugia er opptatt av at globale endringsprosessar også påverkar lokale forhold (Farrugia, 2014, s.298).

I Oslo skjer det ei de-industrialisering, de-skilling av byggenæringa som igjen fører til mangel på lærlingplassar og dei yrkesfaglege skulane blir plassert på austkanten (Hegna & Reegård, 2019, s.99). Det skjer ei endring der teoretisk og høgare utdanning blir doxa, og dei dominerande gruppene med makt er dei på Oslovest. I Rogaland har det også skjedd endringar, men i staden for ei de-industrialisering har der vore ein god økonomisk vekst slik at industrien har klart å henge med moderniseringsprosessane, og ein har modernisert industrien. Ein av informantane beskriv industrien som eit stort firma med ekstreme verktøy som framleis er i utvikling og i takt med den globale moderniseringa (Hegna & Reegård, 2019, s.101). Ruralitet og handverksarbeid blir ofte sett på som tradisjonelt, umoderne og utdatert då dette lenger ikkje er på det doxiske området i dei moderniserte byane. Både ungdomane i Rogaland og indre-Agder er positive til yrkesfagleg utdanning, og ser ikkje på dette som utdatert. Gutane i indre-Agder ser derimot ned på høgare utdanning og eit liv i byen, slik som mange gjer med eit liv på bygda og yrkesfagleg utdanning. Noko som får fram viktigheita med eit ruralt perspektiv på ungdomsforskinga. Eg ser ein samanheng mellom dei lokale strukturelle endringane og kva som normaliteten for val av utdanning og arbeid. Vi kan sjå korleis menneska påverkar strukturen og korleis strukturen igjen påverka menneska. «De yrkesfaglege skolenes plassering i Oslo blir en materiell manifestasjon av de sosiale strukturene i byen, med store klasseskiller mellom øst og vest i byen.» (Hegna & Reegård, 2019, s.102).

Ungdomane i dette casane legg likevel enda meir vekt på det lokale sosiale nettverket som påverknad på val av utdanning og arbeid. Rogalands-elevane og Oslo-elevane får fram tydeleg korleis dei blir påverka av kva vennegjeng dei er i og haldningane frå menneske rundt dei i val av utdanning. «Ungdommers utdanningsvalg handler i stor grad om å finne steder – geografisk eller sosialt – der de føler seg hjemme på den måten som Rogaland-elevene beskriver.» (Hegna & Reegård, 2019, s.104). Ungdomane blir i stor grad påverka av det lokale sosiale nettverket når det gjeld val av utdanning (Hegna & Reegård, 2019, s.102). Stein frå Rogaland forklarar korleis kompisane hans som er lærlingar har fortalt kva dei gjer, og at han dermed har funne ut at han også vil bli lærling. Og i Oslo definerer den lokale vennegjengen ungdomane høyrer til kva som er «innanfor» og «rett» å velje når det gjeld vidaregåande. Jenny frå Oslovest kan fortelje om negative reaksjonar frå vennegjengen sin på heimstaden når ho fortalde at ho hadde gått yrkesfag. «(...) økonomiske og

utdanningsrelaterte forskjellene i Oslo ikkje bare er strukturelle forskjeller, men også gir utslag i negative holdninger og åpenlys nedlatenhet frå ungdommer som har valgt annerledes.» (Hegna & Reegård, 2019, s.103).

I indre-Agder er det lokale sosiale nettverket viktig for gutane, men ikkje i val av utdanning og arbeid. For gutane der er det staden som er viktig: «Alle de syv andre guttene som ønsker å busette seg på bygda hadde valgt annerledes hvis yrkesvalget hadde tvunget dem til å måtte bo i en by.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53). I Vest-Finnmark er det dei strukturelle moglegheitene som i større grad påverkar val av utdanning og arbeid for ungdomane. Fiskerikrisa i 1990 gjor at ungdomane måtte tenke nytt, og den negative haldninga til skule og teoretisk utdanning er i ferd med å bli vatna ut og det doxiske området er i endring. Dei strukturelle moglegheitene er ulike i Nord-Norge og Sør-Norge. I Nord-Norge er dei fleste tvunge til å flytte for å gå på skule og det er ein mykje større overgang og omveltingsprosess. På grunn av ulikheit i moderniseringsprosessane i vest og i nord, blir behovet for kvalifikasjon også ulikt. Sør i landet bygger dei vidaregåande -og høgskular mykje tettare, lett tilgjengeleg for ungdomane. For ungdommen i nord er dette annleis, det er langt til skulane og dei har ikkje same synet på utdanning og kunnskap, då det ikkje er det same behovet i nord. Dette gjer at svært få flyttar for å halde fram på vg2, eller studere. Reform 94 gir eit lite løft i prosentdelen som fullfører vidaregåande skule (Heggen et al., 2003, s.52). Det store spørsmålet her er om faktoren er at arbeidsmarknaden er annleis i nord, eller om det er betre tilgang på skular i vest?. «Det er dei lokale hegemoniske og forventingane som avgjer kva det forventast at ungdom skal delta i.» (Heggen et al., 2003, s.57). Moderne ungdom blir ofte kjenneteikna med skulegang og elevrolle.

Konklusjon

Det er mange faktorar som påverkar ungdom og deira val i oppveksten. Stadlege logikkar og praksisar blir gjennom kroppslege erfaringar integrert i habitusen til ungdomane. Mennesket er ikkje ein fri handlande aktør og blir påverka av strukturen. Sjølv i seinmoderniteten er det ulikheit mellom stadar, og det er framleis ein viktig faktor i forskning. «Stedet oppleves gjennom kroppen og blir dermed styrende for vår opplevelse av verden.» (Nepstad & Skarpenes, 2021, s.53).

Økonomiske og historiske lokale variasjonar gir ulikt utfall av dei globale

moderniseringsprosessane. Vi har sett at desse lokale variasjonane pregar vala til ungdomane, spesielt mellom Oslo og Rogaland. Gutane i indre-Agder beskriv at bygd ikkje er bygd, og kunne ikkje tatt med seg den lokalt relevante kunnskapen og lokale sosiale nettverket til fiskebygdene i Vest-Finnmark. Dei lokale variasjonane gir ulike arbeidsmarkandar, noko som skapar ulikskap i normalitet i utdanningsval. Gjennom lokale variasjonar blir habitusen til ungdomane forma og identitetsdanninga blir prega av stadtilhøyrsla deira. Denne prosessen pregar utdanningsvala til ungdomane. Fleirtalet av ungdomane ser på bygda som «the rural idyll». Dei yngre ungdomane er dei som er mest eventyrlystne og opne for endring, noko som viser oss at det doxiske området er i endring. Mange ønsker likevel å flytte tilbake etter fullført utdanning. Kanskje er nokre individ meir open for endring enn andre. Nokre likar dei trygge rammene på bygda og trivst med det dei har, noko ein må ta omsyn til i ungdomsforskinga, og ikkje tenkje at alle ungdomar ønsker det same. Seinmoderniteten kjem med stor omveltingar, men staden har ikkje blitt nøytral og tom. «Tendensielt erstattast stabilitet med mobilitet, fellesskap med individualitet, felles biografi og erfaringar med differensierte biografiar og ulikheit i erfaring.» (Heggen et al., 2003, s.63).

Litteraturliste

Aakvaag, G. C. (2008). Moderne sosiologisk teori (p. 365). Abstrakt forl.

Bourdieu, P. (2006). Kapitalens former. *Agora, Vol.24, Utg. 1-2*, 5-26.

<https://www.idunn.no/doi/abs/10.18261/ISSN1500-1571-2006-01-02-02>

Corbett, M. (2007). *Learning to leave: The irony of schooling in a coastal community* (1.utg.). Fernwood Publishing. (s.0-69)

Farrugia, D. (2014). Towards a spatialised youth sociology: the rural and the urban in times of change. *Journal of youth studies, Vol.17, Utg.3*, 293-307.

<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/13676261.2013.830700>

Gerrard, S. (1993). «Æ kan tænke mæ å bli her, men ikke for enkver pris»: Fiskerikultur og ungdomskultur i omforming. I K. Heggen, J.O. Myklebust & T. Øia (Red.), *Ungdom i lokalmiljø* (s.20-38). Samlaget.

Heggen, K., Jørgensen, G., & Paulgaard, G. (2003). De andre: ungdom, risikosoner og marginalisering (p. 235). Fagbokforl.

Hegna, K. & Reegård, K. (2019). Lokal yrkesfagkultur og ulikhet i fortellinger om ungdoms utdanningsvalg: - et stedssensitivt blikk på Oslo og Rogaland. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, 19/3, 91-108. <https://doi.org/10.7577/njcie.3246>

Lødding, B. & Paulgaard G. (2019). Spørsmål om tid og sted: Mulighetsrom og kvalifiseringsbaner blant ungdom utenfor videregående opplæring i Finnmark. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, Vol.3, Utg.3, 75-90. <https://journals.oslomet.no/index.php/nordiccie/article/view/3273>

Nepstad, C. & Skarpenes, O. (2021). Kroppslig og sosial stedstilhørighet. Bygdegutters forankring og framtidsperspektiver. *Plan*, 21/53(4), 48-55. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3045-2021-04-12>

Sjølvsald pensum – litteraturliste

Corbett, M. (2007). *Learning to leave: The irony of schooling in a coastal community* (1.utg.). Fernwood Publishing. (s.0-69)

Heggen, K., Jørgensen, G., & Paulgaard, G. (2003). De andre: ungdom, risikosoner og marginalisering (p. 235). Fagbokforl.

Heggen, K., Myklebust, J. O., & Øia, T. (2001). Ungdom : i spenninga mellom det lokale og det globale (p. 202). Samlaget.

Hegna, K. & Reegård, K. (2019). Lokal yrkesfagkultur og ulikhet i fortellinger om ungdoms utdanningsvalg: - et stedssensitivt blikk på Oslo og Rogaland. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, 19/3, 91-108. <https://doi.org/10.7577/njcie.3246>

Nepstad, C. & Skarpenes, O. (2021). Kroppslig og sosial stedstilhørighet. Bygdegutters forankring og framtidsperspektiver. *Plan*, 21/53(4), 48-55. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3045-2021-04-12>



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave i sosiologi

SO590 - 02

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2023 12:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	25-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave i sosiologi		
Flowkode:	203 SO590 2 O2 2023 VÅR		
Intern sensor:	Roger Iuan Hestholm		

Deltaker

Kandidatnr.:	213
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7888
----------------------	------

Sett hake dersom Ja
besvarelsen kan brukes
som eksempel i
undervisning?:

Egenerklæring *: Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei